

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 18/12148

Dykkar 2018/12610-2

referanse:

Dato: 10.10.2018

Att:

Vibeke Saure Lokøy

Eide Fjordbruk AS - Søknad om auka areal og MTB på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune

Vi viser til brev av 14.08.2018 frå Hordaland fylkeskommune og søknad dagsett 09.07.2018 frå Eide Fjordbruk AS om løyve til auka areal og MTB på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

Fiskeridirektoratet region Vest kan ikkje sjå at utskifting av stålanlegg til nytt og større plastringanlegg og auka MTB frå 1560 tonn til 3120 tonn på lokalitet 13870 Eikebærånæ, vil medføre auka trugsmål for det marine miljøet eller vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske.

Om søknaden

Lokalitet 13870 Eikebærånæ er godkjent for ein produksjon på 1560 tonn MTB og lokaliteten er klarert for eit stålanlegg bestående av 10 bur á 25x25 meter.

Eide Fjordbruk AS søker no om løyve til å skifte ut stålanlegget med eit nytt anlegg med 6 stk. plastringar i 90 x 90-meters rammer med fôrflåten liggjande på sørsida av anlegget.

Eide søker samstundes om å auke MTB frå 1560 tonn til 3120 tonn.

Planstatus i sjøområdet

Anlegget i overflata vert liggjande innanfor sjøareal avsett til akvakultur i kommunen sin arealplan. Fortøyningssystema til anlegget vert liggjande utanfor akvakulturområdet og inn i sjøområde som er avsett for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske (fleirbruksområde) og ihht. kapittel 6.2 i føresegna til arealplanen er naudsynt fortøyning av akvakulturanlegg tillete innanfor fleirbruksområda.

Fiskeridirektoratet sin vurdering

Fiske

Fiske i Osterfjorden er i hovudsak fiske med tradisjonelle reiskap som garn, line, ruse og teine. Tidvis kan det også gå føre seg sesongmessig fiske med kystnot etter pelagiske artar som makrell, sild og brisling. Innslaget av fritidsfiskarar er truleg langt større enn fiskarar som driv reint næringsmessig fiske i Osterfjorden. I Fiskeridirektoratet si kartbase under kystnære fiskeridata er det registrert fleire fiskeområde i fjorden mellom Knarvik og Leknes utanfor lokaliteten der oppdrettsanlegget ligg. Registreringane er gamle og vi har ikkje nyare data om bruk av desse område til fiske. Noverande søknad har vore på høyring hos Fiskarlaget Vest som bl.a. skriv at det er registrert fiskeområde passive reiskap like ved anlegget, og at det nye anlegget med fortøyningar vil utgjere eit større område enn dagens anlegg.

Fiskeridirektoratet region Vest understrekar at det nye plastringanlegget som Eide Fjordbruk AS søker om å leggje ut fysisk vil leggje beslag på eit større areal på overflata, og at fortøyningssystema vil strekke seg lenger ut i fjorden og leggje beslag på større areal i vassøyla og ned til forankringane på sjøbotn. På bakgrunn av at det har vore oppdrettsverksemd på denne lokaliteten i nær 20 år, og at det erfaringsmessig har vore lite konflikt med fiske i denne tida, kan vi ikkje sjå at utskifting av det gamle anlegget til eit nytt og større anlegg vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske.

Marint miljø

Fiskeridirektoratet har ansvaret for å følgje opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegget sin påverknad på det marine miljø. Miljøtilstanden på botn under og i nærleiken av anlegget på lokalitet Eikebærånæ har vore overvaka gjennom miljøundersøkingar MOM B, og resultata av undersøkingane syner alle at miljøtilstanden på lokaliteten er stabilt god og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. Vi har ikkje grunnlag for å hevde at ei produksjonsauke frå 1560 tonn MTB til 3120 tonn vil overskride lokaliteten si toleevne og sette det marine miljøet i risiko, men vi understrekar oppdrettar si plikt til å følgje opp gjeldande regelverk og standard om miljøovervaking av lokalitetar i sjøvatn med produksjon av fisk ihht. § 35 i akvakulturdriftsforskriften *Miljøovervåking* og NS 9410:2016 *Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg*.

Særskild om bruk av legemiddel og andre kjemikalier

Det må visast særskild aktsemd ved bruk av legemiddel og kjemikalier for å unngå at midlane slepp ut i det omkringliggjande miljøet. Vi minner her om oppdrettar si plikt til å

følge opp gjeldande regelverk ihht. Akvakulturdriftsforskrifta §15 *Bruk av legemidler og andre kjemikalier* og §15a *Vilkår for bruk av kitinsyntesehemmere*.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Eide Fjordbruk AS		5640	EIKELANDSOSE N
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL